**Øystese sokneråd**
**5610 Øystese**
**Sakliste, Øystese Sokneråd**

**Stad:** Øystese kyrkje
Dato: **tysdag** 01.10.2024
Tid: kl. 19.00 - 21.00
Soknerådsmøta er opne.

| | | |
|---|---|---|
| **Dato**: 01.10.2024 | | |
| **Innkalla** : Roar Strømme, Aina T Vågen, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Gunlaug Sekkingstad, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjøn, Kjell Dysvik, Astrid Lunestad, Ruben Øystese, Therese Rykkje | | |
| | | |
| Ikkje til stades: Astrid Lunestad, Bård Magnus Lundestad | | |
| **NR:** | **SAKER:** | **MERKNADER:** |
| 1. | Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen | Godkjend |
| INFO | Innkomen post, økonomi, mm | • Orientering frå fellesrådsmøte.<br>• Økonomi: Therese seier at det er ca 50 000 kr på konto. Me tek opp att dette punktet på neste møte slik at ein kan ta stilling til kva ein skal bruke midlar til.<br>• Dialektfestival med kyrkjelege bidrag. Det er bra kvalitet på det dei har levert.<br>• Takk til Kabuso. Dei har fått ei helsing for god hjelp til open kyrkje.<br>• Me har fått tilbakemelding om at me bør gjerne ha filtknottar på barnestolane. Therese kjøper inn.<br>• Det er kanskje best at ein har ansvar for å handla inn og passa på at det er saft, kaffi og pappkoppar. Gunlaug tek på seg ansvaret for dette. Dei som er kyrkjevertar lyt syte for kjeks/anna å bite i. |
| 3 | Evaluering gudstenester mm | • Jazzmesse. 24 stykk- det var lite besøk. Kanskje me burde hatt betre PR i forkant? Det var eit arbeidskrevjande arrangement med lite besøk. Me er takknemlege for at Sevi tok på seg |

| | | |
|---|---|---|
| | | vertsansvaret.<br>• Gudsteneste. Førre søndag var det 189 stk til gudsteneste.<br>• Kanskje det kjem meir folk dersom ein har familiegudstenester kl.17.00 i staden for kl. 11.00? Kunngjeringane kan kanskje stå på eit eige ark på familiegudstenester? Ein må passe på at det ikkje blir for mykje ark.<br>• Trusopplæring. 4-årsboka: Det kom 8 stykk meir enn påmelde. Positivt!<br>NB: hugs å opne toaletta når ikkje kyrkjetenar er til stades. Boks nærast hotellet. .<br>• 110 konfirmantar. 38 i Øystese. Delt i to grupper. 4 konfirmantar stiller på kvar gudsteneste. Dei får innkalling og møter kl. 10.30. Dei må ha tydlege beskjedar og bere konfirmantskilt. Desse ligg i ei korg i hylla. Hugs at dei skal levere skilta tilbake. Dei skal hjelpe til med det praktiske. Prest (i samråd med kyrkjevert) må fordele ansvar på dei fire. |
| 4. | Julekrybbe | • Initiativ til at også Øystese kyrkje skaffar seg julekrybbe- til komande jul. Kanskje ein kan setje folk som er interesserte i gang med dette? AC spør om det er interesse for å laga dette på skulen. Kjell snakkar med Lingener om eventuelle figurar. Me set det som eit punkt på saklista neste gong. |
| 5. | Kvalitetssikring av oppgåver to første månader og vidare | • Legoklubb. Dette skal arrangerast 21.11., 28.11, 5.12. Solveig spør oss om to stykk. Ein må avklara kven som handlar inn. Me reknar med at Solveig handlar? Legoklubben er kl. 17.30-19.00. Aina kan 21.11. og 5.12. Bård Magnus kan gjerne ta ei? Me undersøkjer til neste gong, mogleg at elevar på Framnes kan stille? |

| | | |
|---|---|---|
| | | Mari frå førre sokneråd kan gjerne spørjast.<br>• Innsamlingsaksjon. Mogleg at den er digital?<br>• Frivilligfest. Dette vert våren 2026.<br>• Fest på kjerka: 27.november? |
| | Eventuelt | Det vert jobba med «Syng jula inn» 17. desember. Eit arrangement der ein syng dei gamle julesongane.<br><br>Neste semester kan ein gjerne ha ei blank liste slik at ein kan melda seg på som kyrkjevert der det passar, då unngår ein mykje skifte.<br><br>Takk til Gunlaug som har kjøpt pengeskrin til konsertar og liknande. Dette har mangla tidlegare. |
| | | Møtet vert avslutta med Vår far |